



SP - For heile Sel kommune



Senterpartiet

Desse vil ta Sel inn i framtida

Nominasjonslista 2019 -2023

- 1. Eldri Siem**
- 2. Pål Ellingsbø**
3. Birgit Dyrset
4. Erling Lusæter
5. Ingebjørg Uldalen
6. Knut Erik Ulen
7. Tina Hesthagen
8. Jan Ingar Formo
9. Anita Tofte
10. Lars Ekre
11. Edda Ane Marie Storødegård Stubrud
12. Hans Anders Rindhølen
13. Therese Andreassen Uldalen
14. Kjell Dahl
15. Frode Andre Valbjørgsløkken
16. Olav Jostein Bergum
17. Lene Kristin Henriksen
18. Kjetil Eide
19. Oddny Teighagen
20. Stein Inge Lillebråten
21. Anne Kari Midtli
22. Erlend Dokken
23. Gro Sandbu Randen
24. Hans Rødølen
25. Reidun Formo
26. Kjell Grothe
27. Maj Britt Svastuen
28. Atle Bråtet
29. Bjørg Lekve
30. Morten Grotløkken
31. Ingrid Laukvik

Sel og Heidal SP

2019 - 2023

Sel og Heidal Senterparti vil arbeide for at alle innbyggjarane skal kunne leve gode og trygge liv uansett kor dei bur i kommunen.

Senterpartiet vil ha ein attraktiv og inkluderande kommune, der menneske og miljø blir sett i sentrum. Tillit og samarbeid er viktige kjenneteikn på eit godt lokalsamfunn. Vi ønskjer at samfunnet vi høyrer til; utdannar oss, gjev oss rom til å vekse og støttar oss i med og motgang. Senterpartiet meiner at føresetnadene for å få eit lokalsamfunn til å fungere godt, er at innbyggjarane kan ta initiativ og føle eit personleg ansvar for eige nærmiljø.

Senterpartiet ønskjer eit samfunn som er basert på tillit, framfor byråkrati og overdriven bruk av kontroll. Det er viktig å sikre innbyggjarane i kommunen gode tenester gjennom heile livet. Ut i frå nasjonale, økonomiske utviklingstrekk meiner vi det er viktig med ein måtehalden tilnærming til investeringar. Sel og Heidal Senterparti ønskjer å føre ein aktiv næringspolitikk med mål om å skape arbeidsplassar, vekst og utvikling i heile kommunen.

Senterpartiet vil arbeide for trygge og gode oppvekstvilkår, gode helsetenester, god pleie og god omsorg ved sjukdom og alderdom. Andre kjernesaker for Sel og Heidal Senterparti er landbruket med matproduksjon og natur og miljø. Omsynet til naturgrunnlaget og miljøet må vera overordna andre kortsiktige tiltak.

Vi ynskjer at alle som bur i Sel kommune kan vere stolte av kommunen dei bur i.

Gjennom dette programmet sett vi fokus på kva område vi ønskjer å leggje mest vekt på den neste perioden.

Kva vil Sel og Heidal Senterparti?

Sel og Heidal Senterparti vil arbeide for at:

- det skal vere trygt og godt å bu i alle delar av kommunen
- kommunen er leverandør av gode tenester og service til innbyggjarane
- ein ny Otta skole 1-7 blir bygd på Nyhusom
- det framleis er ein desentralisert barnehagestruktur
- det blir etablering av to heildøgns ambulansar på Otta
- ordninga med legevaktbil knytt til NGLMS blir vidareført
- vi får ei føreseieleg og god økonomistyring gjennom flate gebrysatsar og langsiktige investeringar og vedlikehald
- støtta til lokale lag og foreiningar som driv frivillig arbeid, blir vidareført
- den kommunale støtta til lokale forsamlingshus vert oppretthalde.
- uformelle møteplassar i kommunen blir styrka
- kyrkjegarden ved Sel Kirke blir støyskjerma
- den kulturelle spaserstokken for eldre blir vidareført
- promoteringsarbeidet for Sel kommune vert styrka
- det er lokal forvaltning av utmarks- og naturressursane våre, både til næring, reiseliv og miljø
- det blir lagt til rette for ei framtdsretta primærnæring
- integreringa i kommunen er så god at alle kjenner seg godt tatt vare på



Utdanning og læring

Utdanning og læring er dei viktigaste byggsteinane i eit samfunn. Vi ønskjer å sikre god læring og trivsel i barnehage og skule.

Sel og Heidal Senterparti vil arbeide for:

- at nye Otta skole 1-7 blir bygd på Nyhusom
- at vi framleis skal ha ein desentralisert barnehagestruktur som sikrar god lokalisering og rasjonell drift
- å støtte implementering av nye læreplanar i praktisk pedagogikk og utforming av nytt skulebygg
- nulltoleranse for mobbing og at mobbing blir motarbeidt kvar dag
- at MOT skal halde fram og vidarutviklast
- å støtte det gode arbeidet med pedagogisk entreprenørskap
- å støtte internasjonaliseringsprosjektet i ungdomsskulen
- å sikre demokratiarbeidet i skulen gjennom å utvikle elevrådsarbeidet på alle trinn
- at det blir arbeidd med å utvikle god sosial kompetanse i barnehage og skule
- ei utgreiing av heildagsskulen

- at føresette får tilbod om «foreldrekkurs» for at samarbeidet barnehage/ skule – heim blir best mogleg
- at ungdom får reell påverknad i kommunen mellom anna via Ungdomsrådet
- skulefrukt til alle ungar i grunnskulen minst ein dag i veka
- ein skulekvardag med innslag av friluftsliv og fysisk aktivitet kvar dag
- eit godt SFO-tilbod med opningstider tilpassa brukarane
- at leksehjelp skal ivaretakast av pedagogisk personale
- at ungdomsmusikalen blir vidareført, og at finansiering blir sikre i samarbeid med andre kommunar
- at Aktivitetshuset gir tilbod til alle aldersgrupper
- gode og varierte tilbod i Kulturskulen
- å sikre og vidareutvikle utdanningstilboda ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule på Otta
- at private barnehagar framleis skal vere eit supplement til dei offentlege
- at alle med behov for barnehageplass skal få eit tilbod



Helse, folkehelse og førebygging

Det er rimelegare å førebyggje enn å reparere. Når det gjeld helse og folkehelse ser Senterpartiet det som viktig å satse på førebyggjande tiltak, dette i tillegg til at innbyggjarane må sikrast gode helsetenester.

Sel og Heidal Senterparti vil arbeide for:

Helse

- å styrke grunnbemanninga innan heimebaserte tenester for å redusere bruken av overtid og vikarbyrå
- å gje tilbod om heimebesøk for innbyggjarar over 75 år for å informere om kulturtilbod, sosiale og kommunale tenester
- å initiere privat bustadbygging for eldre, innskotsbasert gjennom Husbanken
- å støtte arbeidet med å finne gode løysningar for bo- og tenestetilbodet innan helse- og omsorg
- å prøve ut og ta i bruk ny velferdsteknologi for at flest mogleg kan bu trygt heime
- å sikre gode og mange nok heildøgns omsorgsplassar (HDO-plassar)
- ei vidareutvikling av spesialisthelsetenestetilbodet ved NGLMS
- etablering av ei avdeling for tannspesialistar på Otta

Rus- og psykatri

- å sikre døgntilbod innan psykiatritenesta
- å styrke ettervernet etter innelegging innan rus og psykatri gjennom god beredskap, tverrfagleg samarbeid og gode system og rutinar
- å auke ressursen til burettleiing

Prehospitale tenester

- å lovfeste responstid for ambulansane
- to heildøgns ambulansar stasjonert på Otta
- å sikre finansiering av legevaktbilen

Folkehelse

- å støtte arbeidet med ny fleir brukshall
- å støtte vedlikehald av ordinære anlegg som sikrar og legg til rette for variert fysisk aktivitet
- å vidareutvikle innhaldet på Aktivitetshuset for å sikre gode tilbod for alle aldersgrupper
- lågterskeltilbod som til dømes nærmiljøanlegg, leikeplassar og turstigar for å sikre den uorganiserte fysiske aktiviteten. Dette er viktige tiltak som fungerar som sosiale møteplassar og sikrar god fysisk helse
- å styrke utstyrssbanken
- å legge til rette for at barn og unge kan sykle eller gå til fritidsaktivitetar og skule



Samferdsel skapar berekraftige samfunn

Utbygginga av infrastruktur i veg, bane og internetttilgang er svært viktig for distrikta.

Sel og Heidal Senterparti vil arbeide for at:

- bygging av ny E6 frå Sjoa til Otta blir fullført
- det blir vidare vegutbygging av E6 nord for Otta med tunnel gjennom Rosten
- rasutsette vegstrekningar i kommunen blir sikra
- kostnadene med bompengar blir redusert i vårt distrikt
- det blir etablert bru over Lågen frå E6 til Øya industriområde
- breiband og god nettdekning blir utbygd i alle område av kommunen, jamfør den digitale allemannsretten
- moglegitetene for flyplass i regionen vår blir greidd ut
- vedtekne reguleringsplanar for Otta skysstasjon blir fullført, dette for å sikre utbygging av parkeringsplassar og trygg trafikkavvikling i tilknytning til skysstasjonen
- det blir etablert fleire togavgangar
- det blir arbeidt aktivt for å få vinteropen veg til Valdres, vilkåra er at fylkesveg 257 i Heidal blir utbetra
- tilskotet til utbetring av private vegar blir ivaretatt
- at kommunen opprettar fleire ladestasjonar for el-bilar ved kommunale bygg, for eigne tilsette og besökjande
- oppgradering av gatestrukturen i Otta sentrum blir slutført
- det blir etablert gang- og sykkelveg «sørover» fylkesveg 257 frå Heidal skule
- Otta trafikkstasjon (SVV sin trafikkstasjon) består med dei tilboda som er i dag

Ein attraktiv næringspolitikk

Vi ønskjer å ta vare på og sikre eksisterande arbeidsplassar, samt framstå som den mest attraktive kommunen for næringsutvikling og etablering i Gudbrandsdalen. Reiselivet er framtida sitt gull, og vi er midt i «skattekista». For å forvalte den skatten skal vi jobbe for eit berekraftig reiseliv. Vi skal også arbeide for at den reiselivsbaserte infrastrukturen i kommunen blir utvikla på ein miljø- og klimavenleg måte til fordel for innbyggjarane og dei tilreisande.

Sel og Heidal Senterparti vil arbeide for:

- gode, naturbaserte opplevingsnæringer der heile kommunen blir teke i bruk
- ei berekraftig næringsutvikling knytt til Rondane nasjonalpark og områda rundt
- å sikre reiselivsnæringane i kommunen vår tilgang til naturen
- ei styrking og vidareføring av samarbeidet med Nasjonalparkriket Reiseliv
- støtte til etablering av samarbeidsprosjekt mellom landbruk og reiselivsnæringa
- at Otta blir styrka og vidareutvikla som regionsenter
- at planlagt flaumførebygging på Otta blir fullført
- at Myrmoen miljøstasjon blir bygd ut
- ein reduksjon av bompengekostnadane for varetransport
- eit forpliktande samarbeid mellom kommune og næringsliv i utvikling og sikring av eksisterande og nye arbeidsplassar
- å utvikle og omsette næringsareal i samarbeid med private
- at kommunale eigedomar som ikkje vert nytta, eller ligg inne i framtidige planar, vert selde
- at det blir gjennomført ID-kontollar på Otta kvar 14. dag

Primærnæring

- å sikre eit sterkt vern av matjord og eit aktivt landbruk. Dette er òg med tanke på eit stadig aukande folketal og behov for mat
- å sikre eit aktivt skogbruk i heile kommunen, også i terrenget med driftsutfordringar
- at kommunen må vere ein aktiv pådrivar når det gjeld rovdypolitikken slik at den tradisjonelle beitebruken kan halde fram
- å hindre attgroing av kulturlandskapet og ta vare på det biologiske mangfaldet
- å sikre ei framtidig pelsdyrnæring
- at Landbruksfondet vert vidareført og nytta til næringsutvikling, primærnæringane og nye tilleggsnæringer
- ei plan for skadeførebygging av elgskadane på landbruk og skogbruk i Murudalen
- støtte til lokal matproduksjon på fleire nivå, både primærproduksjon og foredling
- Mæringsdalsvatnet må reinskast opp

Vi tek klimautfordringane og naturforvaltninga vår på alvor og ønskjer å

- leggje tilrette for lokal matproduksjon og bruk av utmarksressursane til matproduksjon
- oppretthalde eit aktivt skogbruk
- leggje til rette for redusert energiforbruk i eksisterande kommunale bygg
- nytte bioenergi i oppvarminga av kommunale bygg
- leggje til rette for og støtte den lokale bioenergiproduksjonen
- opprette ladestasjonar ved kommunale bygg og anlegg



Regionsamarbeid

- utvikle og styrke den vidaregåande skulen på Otta
- leggje til rette for at Nord-Gudbrandsdal blir ein sterk, desentralisert universitetsregion (NTNU)
- vidareutvikle samarbeid om tenesteproduksjon for innbyggjarane våre
- etablere ein sterk region som frontar samferdselssaker på RV51, RV15, E6 og E139
- utvikle Otta skysstasjon som knutepunkt for eit trygt og effektivt kollektivtilbod i region
- styrke og vidareutvikle NGLMS for å sikre innbyggjarane i regionen gode helsetenester

